

Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDALDato: 07.05.2014  
Vår ref.: 2014/13977-9  
Saksbehandlar: pernord1  
Dykkar ref.:

## Referat frå Planforum 06.05.2014 - Planprogram arealdelen av kommuneplan - Kvinnherad kommune

De Planforum 06.05.2014 Hordaland fylkeskommune

### Arealdel til kommuneplan for Kvinnherad kommune – Planprogram

Tidspunkt: kl 13.00 – 14.45

Plansjef Marit Rødseth ønska velkomen og leia møtet.

#### Deltakarar:

Anbjørn Høivik	Kvinnherad kommune	<a href="mailto:kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no">kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no</a>
Kjartan Thoresen	Kvinnherad kommune	<a href="mailto:anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no">anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no</a>
Marit Rødseth	Hordaland fylkeskommune, planseksjonen	<a href="mailto:marit.rodseth@hfk.no">marit.rodseth@hfk.no</a>
Per Nordmark	Hordaland fylkeskommune, planseksjonen	<a href="mailto:per.nordmark@hfk.no">per.nordmark@hfk.no</a>
Grete Jacobsen	Fylkesmannen, kommunal- og samfunnsplanavd.	<a href="mailto:fmhogkj@fylkesmannen.no">fmhogkj@fylkesmannen.no</a>
Tord Bakke	Fylkesmannen, kommunal- og samfunnsplanavd.	<a href="mailto:fmhotba@fylkesmannen.no">fmhotba@fylkesmannen.no</a>
Jan Nordø	Hordaland fylkeskommune, klimaseksjonen	<a href="mailto:jan.nordo@hfk.no">jan.nordo@hfk.no</a>
Gunnbjørg Austrheim	Hordaland fylkeskommune, kultur- og idrettsavd.	<a href="mailto:gunnbjorg.austrheim@hfk.no">gunnbjorg.austrheim@hfk.no</a>
Gunhild Raddum	Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga	<a href="mailto:gunhild.raddum@hfk.no">gunhild.raddum@hfk.no</a>

Kjartan Thoresen presenterte planprogrammet på vegne av Kvinnherad kommune. Deretter gjekk ein gjennom forslaget og kommenterte punkt for punkt. Moment frå innspel og kommentarar er kort referert.

#### Føremål

Arealdelen er i dag 6 delplanar. Delplanane Rosendal - og Husnes, Sunde, Valen er eldst, frå 2003.

Ved tidlegare planar har kommunen hatt stort fokus på innspel frå innbyggjarar. Denne rulleringa skal vera av meir teknisk karakter. Kommunen vil utarbeida ein plan for heile kommunen i samsvar med ny plan- og bygningslov. Ved ny arealdel ønskjer kommunen m.a. at det skal vera like vilkår i heile kommunen og at ein reduserer omfanget av dispensasjonssaker.

Planen vil ha opning for nye samfunnsmessig viktige element. Kommunen bør tydeleggjere i planprogrammet kva ein meiner med dette. Det bør i planprogrammet presenterast kriteria for vurdering av innspel. Dette kan bidra til at publikum får realistiske forventingar til kva som kan koma med i planen.

Det er positivt at kommunen rullerer samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen parallelt.

### **Eldre reguleringsplaner.**

Kommunen ønskjer å erstatta eldre planar med føresegner. (Eksempel; definerte takvinklar i gamle planar som gir dispensasjonssaker.)

Det er viktig å vera merksam på auke i utnyttingsgrad. Område der det gjeld avgrensingar må definerast.

### **Byggeområde som ikkje er realisert.**

I gamle planar er det store utbyggingsreservar i ubrukte utbyggingsområde. Kommunen vil vurdera kvart areal for seg. Fokus skal vera på areal som ikkje er regulert.

Kommunen bør utarbeida ein busetjingsstrategi. Dette kan vera tema i samfunnsdelen. Byggeområde kan vurderast opp mot denne. Regional plan for senterstruktur passer inn tidsmessig her. Ønskjer om å ha ein definert senterstruktur for kommunen i samfunnsdelen. Kvam er eit godt eksempel.

### **Skal Husnes, Sunde og Valen veksa til ein by**

Planarbeidet skal fokusera på utvikling av Husnes, Sunde, Valen. Området har ca 7000 innbyggjarar.

Fylkeskommunen ønskjer ein heilheitleg plan for området, kommunedelplan er ok. I denne må sentrum avgrensast og definerast. Kommunen må leggja vekt på regional plan for attraktive senter som no kjem på høyring. Voss har hatt ein god prosess som kan nyttast som eksempel.

Sunde er eit kjerneområde for kultur. Sunde treng kanskje ikkje vera del av sentrum då m.a. infrastrukturen set avgrensingar her. Ei eventuell utvikling kan/bør gå mot Husnes. Planen bør setja avgrensing av området Sunde. Kommunen kan gi føringar for utviklinga; t.d. kan Sunde få ei utvikling som kulturmiljøområde.

### **Byggegrense mot sjø.**

Kommunen har gjort funksjonell strandsonekartlegging i heile kommunen. Kommunen ønskjer å nytta denne no, men vil vurdera ein ny gjennomgang etter at regional strandsoneplan er vedteken, for då å samordna planane.

Det kan vera aktuelt å dela kommunen inn i soner med ulike haldningar til strandsona. Avsnittet bør omformulerast.

### **Bandlagte område**

Baroniet er kjernen i dette området, men Rosendal bør ha eit stort område/landskapsrom som omsynssone C . Bandlegging til regulering er truleg ikkje aktuelt no.

Kommunen ønskjer klare avgrensingar frå HFK som raskt bør koma med ønskjer om areal som med omsynssoner.

(NVE bygger ny 420 KV kraftline gjennom området – i gamal trasé)

### **Landbruk Pluss.**

Det er stor aktivitet i landbruket i Kvinnherad. Kommunen vil tilpassa seg dette.

Jordvernet slår inn generelt og må tilleggjast stor vekt.

### **Føringar frå statlege og regionale myndigheiter**

Kommunen har vist til Nasjonale forventinger og til Regional startpakke, og meiner dette er dekkjande for omsynet til regionale planar.

Fylkeskommunen ønskjer at det vert konkret vist til dei aktuelle regionale planane.

### **Utgreiingar.**

Kommunen bør kanskje i konsekvensutgreiinga tydeleggjera Folkehelse som eit punkt i tillegg til helse.

Kommunen opplyser at Folkehelse vert eige kapittel i samfunnsdelen.

Gang, sykkel, kollektiv m.m. må vurderast som element under folkehelse.

### **Kulturmiljø og landskap.**

Kommunen arbeider med ein kulturminneplan.

Aurland naturverkstad har kartlagt kulturmiljø i ca 1/3 av kommunen. AsplanViak har kartlagt mykje av strandsona med omsyn til kulturminne. Dette kunnskapsgrunnlaget vert nytta i planarbeidet.

### **Organisering**

Opplegget er tilpassa at det vert lite nye tiltak i planen.

Avgrensa medverknad kan verta ei utfordring om det kjem mange innspel.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Nordmark  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*